

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Samferdselsutvalet</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalsalen, 3.etg., Fylkeshuset i Bergen
<b>Dato:</b>	30.09.2015
<b>Tid:</b>	14:00

Det er lagt opp til slik timeplan for møte:

13.00 - 13.55	Gruppemøte
13.55 - 14.00	Oppmøte
14.00 - 14.10	Opning av møte
14.10 – 14.25	Nytt frå Skyss v/Oddmund Sylta
14.25 - 14.40	Nytt frå Statens vegvesen v/Olav Finne
14.40 –	Sakshandsaming
17.00	Avslutningsmiddag for utvalet og dei faste møtande frå administrasjonen på Radisson Blu Royal Hotel.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall) eller sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Samferdselsutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Gustav Bahus  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 104/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 105/15	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 106/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 85/15	Revidert møteplan 2016 for politiske utval i Hordaland fylkeskommune	2015/5700	
RS 86/15	Plankonferansen 2015 - program	2015/9523	
RS 87/15	Svar på oversendingsforslag - spørsmål om veglys	2014/23823	
RS 88/15	Oversendingar til samferdselsutvalet	2015/2400	
RS 89/15	Spørsmål om KVU Arna- Voss og samfunnsøkonomisk nytte av Hordfast E39	2014/14333	
RS 90/15	Samarbeid med kommunar om kjøp av asfalttenester	2015/2400	
RS 91/15	Informasjon til vegfarande ved stengte vegar og tunnelar	2015/2400	
PS 107/15	Ymse		

PS 104/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

PS 105/15 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 106/15 Referatsaker (Meldingar)



Arkivnr: 2015/5700-4

Saksbehandlar: Beate Bergsholm

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	249/15	24.09.2015
Opplærings- og helseutvalet	39/15	29.09.2015
Samferdselsutvalet	85/15	30.09.2015
Kultur- og ressursutvalet		01.10.2015

## Revidert møteplan 2016 for politiske utval i Hordaland fylkeskommune

### Samandrag

Det vert med dette lagt fram revidert forslag til møteplan for 2016. Dei andre fylkeskommunale organa som ikkje er tatt med her, fastset møteplanen sin sjølve. På den elektroniske møteplanen vil ein og ta med dei møtedatoane

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek møteplan for 2016 for fylkestinget, fylkesutvalet, kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet, samferdselsutvalet, administrasjonsutvalet og fylkesvalstyret.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 11.09.2015**

Endringar i møteplan for politiske utval i Hordaland fylkeskommune 2016

Samferdselsutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde i møte 19.08.2015 merknad til RS 74/15:

*PS 82/15 Referatsaker (Meldingar)*

*Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.08.2015*

*RS 74/15 Møteplan for utvala i 2016. Silja Ekeland Bjørkly peika på at den nye møteplanen ikkje er optimal m.o.t. feriar o.a. På bakgrunn av dette og etter forslag frå Gustav Bahus fatta utvalet samrøystes slik vedtak.*

*Vedtak*

*Samferdselsutvalet ber administrasjonen sjå på møteplanen på nytt i lys av skulerutene, vinter-/påskeferie og sommarferie og andre openberre kollisjonar. Samferdselsutvalet ber om at møteplanen vert lagt fram på nytt 9. september.*

På bakgrunn av dette leggst revidert møteplan for 2016 føre fylkesutvalet for ny handsaming.

**Revidert møteplan 2016:**

	Jan	Febr	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Fylkestinget			8.-9.			14.- 15.				4.- 5.		13. – 14.
Fylkesutvalet	28.	24. – 25.	17..	20. – 21.	19.	23.		25.	21. - 22.	20.	16. – 17.	8.
OPHE (torsdagar)	14.	10. - 11.	10.	7. 28.		2.		11.	7.-8.	6.	3.	1.
SAMU (torsdagar)	14.	10. - 11.	10.	7. 28.		2.		11.	7.-8.	6.	3.	1.
KURE (tysdagar)	19.	16.	15.- 16.	12.	10.	8.		16.	13.- 14.	11.	8.	6.
Administrasjonsutvalet*		23.				22.					15.	
Fylkesvalstyret**												

Møteplanen tilfredsstillar dei føringar som er lagt til planlegging og gjennomføring av møter i dei politiske utvala i Hordaland fylkeskommune.

Det er teke omsyn til at skolane i Bergen har flytta vinterferien frå veke 9 til veke 13.



## Praktiske opplysningar

Konferansen går over to dagar, men det er mogleg å delta på berre ein av dagane. På dag to er det påmelding til tre ulike sesjonar. I dagpakkane er inkludert alle måltid unntatt middagen om kvelden 20. oktober.

### Påmelding:

Elektronisk påmelding på:

<http://kurs.hfk.no/Kurs-og-konferansar/2015/Plankonferansen-2015/>

Du finn sida under Kurs og konferansar på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no).

Sjå også informasjon om konferansen på [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan)

### Pris:

Alternativ 1: dagpakke 20. og 21. oktober inkl. middag 20. oktober:	kr 1500
Alternativ 2: dagpakke 20. oktober, inkl. middag om kvelden:	kr 1000
Alternativ 3: dagpakke 20. oktober, utan middag om kvelden	kr 500
Alternativ 4: dagpakke 21. oktober	kr 500

Studentar får halv pris (250 kr pr dag) på dagpakke.

### Overnatting:

Deltakarar må sjølv syte for overnatting. Det er førehandsreservert nokre rom fram til 28. september på Grand Terminus, kr. 895 for enkeltrom og kr 1095 for to personar i dobbeltrom inkludert frukost. Referer til deltaking på Plankonferansen ved bestilling. [www.grandterminus.no](http://www.grandterminus.no), tlf 55 21 25 00

### Spørsmål om konferansen:

Praktiske spørsmål kan rettast til Synnøve Fjeldberg, telefon 55239282 eller e-post: [regional@hfk.no](mailto:regional@hfk.no)

Bindande  
påmelding innan  
mandag  
5. oktober


Foto:  
1 Billedsamlingen ved UBB, Gustav Brosing  
2 Generalplan for Bergen 1973, Bergen byarkiv  
3 Modell Nygårdshøyden 1964, Bergen byarkiv  
4 Åtvik, Norges vasskraft- og industrimuseum  
5 Hordaland fylkeskommune, regional plan for attraktive senter i Hordaland  
6 Skisse Fyllingsdalen, Bergen byarkiv  
7 Geir Ketil Lien  
8 Bybanen – arkitektur.no

## Framtidsretta planlegging – bygd på 50 års erfaring med planlova

I år fyller Plan- og bygningslova 50 år. Tida er inne til å la denne viktige lova for samfunnsutvikling få vere hovudtema for plankonferansen i Hordaland, som i år har eit program som handlar om planlegginga si fortid, notid og framtid. Dagens lov frå 2008 er under evaluering og det skjer stadig noko nytt på planfeltet. Nokre ser lova som ein grensesettar meir enn som ei verktøykasse. På årets konferanse vil vi - forutan eit tilbakeblikk på planleggingshistoria - legge vekt på korleis vi kan nytte verktøy og utvikle god planmetodikk i takt med tida.

Plankonferansen er ein viktig møteplass for fagfolk og politikarar frå heile fylket. Konferansen er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland.

Vi ønsker velkomen til inspirerende og lærerike dagar!



### Målgruppe:

Planleggjarar og sakshandsamarar frå kommunal og statleg forvalting, utbyggjarar, kommune- og fylkespolitikarar, konsulentar innan plan, regionale sektororgan, utdannings- og forskingsmiljø.


### Programkomite:

Marit Rødseth, Per Nordmark, Eva Katrine Ritland Taule, Karoline Eldøy, Anne-Kathrine Vabø, Liv Sundheim, Hordaland fylkeskommune  
Gudrun Stefansdottir, Fylkesmannen i Hordaland


## Plankonferansen 2015

### Framtidsretta planlegging – bygd på 50 års erfaring med planlova

Bergen 20. – 21. oktober, Grand Terminus







## Tysdag 20. oktober

Møteleiar: Rune Haugsdal, fylkesrådmann, Hordaland fylkeskommune

0900-0930 Registrering

0930-0940 Kulturinnslag

### Introduksjon

0940-0950 Velkomen til Hordaland i utvikling  
Fylkesordførar

0950-1015 Nye nasjonale forventningar og rammer for ny og mer effektiv planlegging  
Per-Willy Amundsen, statssekretær, Kommunal- og moderniseringsdepartementet

1015-1030 Nasjonale omsyn som premiss for kommunal og regional planlegging  
Rune Fjeld, assisterande fylkesmann i Hordaland

1030-1045 Pause

### Lærdomen frå planhistoria

1045-1110 Kva kan vi læra av planleggingshistoria?  
Terje Kleven, dr. ing., medlem av nettverket  
"Byplanleggingens lange linjer - BULL"

1110-1135 Industristadane i Hordaland – arkitektoniske perler i planhistoria  
Eva Røyrane, journalist og forfattar

1135-1200 Planstyring og planvegving - døme frå Hordaland og Bergen  
Arild Holt Jensen, professor emeritus, institutt for geografi, Universitetet i Bergen

1200-1300 Lunsj

### Planlegging no

1300-1315 Kommunal planstrategi - erfaringar med politisk leiarskap  
Siv Høgtun, ordførar, Askøy kommune

1315-1340 Kultur - premiss for moderne planlegging  
Anna Elisa Tryti, fylkesdirektør for kultur og idrett, Hordaland fylkeskommune

1340-1405 Kommunereform og planlegging  
Jørgen Amdam, professor, Høgskolen i Volda og Møreforskning

1405-1420 Pause

### Framtid for planlegging

1420-1440 Internasjonale utfordringar for planlegging  
Akkelies van Nes, professor, Institutt for byggfag, Høgskolen i Bergen og Assistant professor, Faculty of Architecture, Delft University of Technology

1440-1515 Visjonar frå unge planleggjarar  
Cecilie Andersson, rektor, m/studentar frå Bergen Arkitektthøgskole

1515 -1545 Har langsiktige planar nokon verdi i 2015?  
Jan Erik Kjerpeseth, administrerande direktør Sparebanken Vest

1900 Aperitiff - Grand Terminus

1930 Festmiddag Grand Terminus  
Vert: Bård Sandal, fylkesdirektør regional utvikling  
Musikk: Albert og Elise

## Onsdag 21. oktober Fellesdel i plenum

### Tema: Plannytt

Møteleiar: Svein Kornerud, fagdirektør, Fylkesmannen i Hordaland

0830-0900 Registrering nye

0900-0915 «Meningen med livet»  
Doddo

0915-0945 EVAPLAN2008 - fungerer plandelen av lova etter intensjonane?  
Hege Hofstad, forskar, Norsk institutt for by- og regionforskning

0945-1005 Effektiv kommunal planlegging - resultat frå KS-prosjekt  
May Britt Hernes, seniorplanleggjar, Asplan Viak

1005-1030 IKT-satsing på meir effektive planprosessar  
Hilde Johansen Bakken, seniorrådgjevar, Kommunal- og moderniseringsdepartementet

1030-1100 Pause



## Sesjon 1 Planstrategi

Møteleiar: Eva Katrine R. Taule, seniorrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

1100-1130 Kommunal planstrategi – erfaringar frå Hordaland og resten av landet  
Eva Katrine R. Taule, seniorrådgjevar, planseksjonen, Hordaland fylkeskommune

1130-1200 Erfaring frå arbeid med kommunal planstrategi  
Eva Herdlevær, plansjef, Askøy kommune

1200-1300 Lunsj

1300-1330 Oversikt over folkehelse. Identifisering av fylket sine folkehelseutfordringar  
Aina Haugstad, spesialrådgjevar, Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD), Hordaland fylkeskommune

1330-1410 Folkehelse som fundament for planstrategi  
Geir Ove Fosse, folkehelsekoordinator og Anbjørn Høivik, planleggjar, Kvinnherad kommune

1410-1425 Pause

1425-1445 Miljøutfordringar i planstrategien – erfaringar og tankar om det komande arbeidet  
Gunnar Berge, plan- og miljøvernssjef, Voss kommune

1445-1500 Diskusjon

## Sesjon 2 Medverknad - metodar som verkar

Møteleiar: Marit Rødseth, plansjef, Hordaland fylkeskommune

1100-1130 Gjestebud som medverknadsmetode – inspirert av plan- og bygningslova  
Anne Synnøve Vaagsland Horten, samfunnsplanleggjar, Svelvik Kommune

1130-1200 Askøy kommune på hjul – #Askøy 2030  
Synne Guldberg, planleggjar, Askøy kommune

1200-1300 Lunsj

1300-1330 Involvering av ulike grupper i planlegging  
Tove Agdestein, folkehelsekoordinator, Stord kommune

1330-1400 Barnetråkk i planprosessen  
Karoline Birkeli-Gauss, prosjektleiar, Norsk design- og arkitektursenter

1400-1415 Pause

1415-1440 Deltakande stadutvikling - områdeløft Ytre Arna  
Erlend Ytre-Arne Vågenes, koordinator, Bergen kommune

1440-1500 I <3 Ytre Arna - stidentitet som medverknadsmetode  
Siv Anette Johansen, prosjektkoordinator  
Arna og Åsane kulturkontor, Bergen kommune

## Sesjon 3 Digital planlegging

Møteleiar: Hans-Christian Engum, spesialrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

1100-1130 Kvifor standardisera plandata?  
Aase Midtgaard Skrede, overingeniør, (plan og temadata), Kartverket Bergen

1130-1200 Kartressursar frå Hordaland  
Torbjørn Bøe, spesialrådgjevar, Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD), Hordaland fylkeskommune

1200-1300 Lunsj

1300-1320 Bruk av GIS i kommuneplanprosess  
Rolf Raknes, samfunnsplanleggjar, Austrheim kommune

1320-1340 PlanGIS – innsyn og medverknad i planprosessen  
Turid Verdal, fagansvarleg plan, Akvator

1340-1400 Erfaringar med bruk av interaktiv kartportal i innspelsarbeidet til kommuneplan  
Anne Sofie Sandvik, einingsleiar areal og forvaltning, Vindafjord kommune

1400-1415 Pause

1415 - 1445 InnlandsGIS – digitalt verktøy for planleggjarar  
Frode Hansen, rådgjevar GIS, Hedmark fylkeskommune

1445- 1500 Diskusjon





## Notat

Dato: 10.09.2015  
Arkivsak: 2014/23823-5  
Saksbehandlar: lisadla

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på oversendingsforslag – spørsmål om veglys

I møte i samferdselsutvalet 19. august 2015 fremja representanten Øyvind Hardeland (A) følgjande oversendingsforslag:

*Fylkeskommunen drifrar og vedlikeheld fylkesvegane i Hordaland. For veglysa langs desse vegane er det slik at fylket betalar for drifta av straumforbruket, men då det gjeld drift og vedlikehald ellers så betalar kommunane for desse tenestene direkte til kraftlaga og får kompensert for denne kostnaden av fylket ein gang i året.*

*For det første så er dette ikkje ute på pris, det er store kostnader i samband med lov om overgang til LED armatur, kommunane forskottera og det er generelt uoversiktleg.*

*Kva planar har Fylkeskommunen for å rydda opp i dette?*

Det er klart at organiseringa rundt veglys på fylkesvegnettet både er omfattande og kompleks, ikkje minst fordi ansvaret for drift- og vedlikehald av gang- og sykkelveg, fortau og veglys langs fylkesveg ikkje alltid ligg hjå fylkeskommunen, men hjå den einkilde kommune eller hjå lokale kraftlag. Utfordringane knytt til dette er ikkje isolert for Hordaland fylkeskommune. Fylkesrådmannen har vore i kontakt med fleire andre fylkeskommunar der same type problemstillingar er aktuelle. Eit eksempel her er Oppland fylkeskommune der det i 2014 vart gjort eit større kartleggingsarbeid i samarbeid med Statens vegvesen og kommunane. I dette arbeidet var fokuset på klassifisering og ansvarsfordeling av fylkesvegnettet knytt til dei nemnde oppgåvene ovanfor.

Spørsmål om veglys har også vore fremja tidlegare, og i referatsak til samferdselsutvalet tidlegare i år (RS 48/2015) heiter det følgjande:

*Fylkesrådmannen ser at kompleksiteten rundt veglys er stor, - dette gjeld både etablering av nye veglys, og ikkje minst eigarskap, drift og vedlikehald av allereie eksisterande veglys på fylkesvegnettet. Ut frå dette meiner fylkesrådmannen det er bør setjast i gang eit større arbeid for å kartlegge status for veglysanlegga. I dette arbeidet bør det særleg verte sett nærare på eigarskap, ansvar og kostnader. Arbeidet bør og ta opp i seg kva retningslinjer ein skal ha for etablering av nye veglys, og kva for faktorar og vurderingar ein skal vektleggje i slike saker.*

I samband med rullering av Strategi for drift og vedlikehald på fylkesvegnettet vil veglys vere eit deltema.





## Notat

Dato: 18.09.2015  
Arkivsak: 2015/2400-16  
Saksbehandlar: knudjuv

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Oversendingar til samferdselsutvalet

Møte	Oversendingsforslag i valperioden 2011-2015	Forventa svar til SAMU	Svar til samferdselsutvalet
03.06.15	Tom Skauge (Sv) – stilte spørsmål om premissane som er lagt til grunn i KS1 – rapporten frå Oslo Economics om utbygging tog/vei Arna-Voss.	November	
03.06.15	Pål Kårbø (Krf) – tok opp den dårlege vegstandarden på fylkesvegen mellom Seim og Lygra/Feste, og bed om status på innmelde behov og økonomiske anslag for kva dette kostar.	November	
19.08.15	Øyvind Hardeland stilte spørsmål kommunane kan gå i lag med Fylket om kjøp av vedlikehaldstenester for vegar i Hordaland.	September	RS -/15 til samferdselsutvalet 30.09.15
19.08.15	Øyvind Hardeland stilte spørsmål om kva planar Fylket har for å rydda opp organiseringa av drifta og vedlikehaldet av veglysa i Hordaland.	November	
19.08.15	Gustav Bahun ba om informasjon om korleis det vart tilrettelagt informasjon til dei vegfarande ved stenging av tunnelar/vegar.	September	RS -/15 til samferdselsutvalet 30.09.15
19.08.15	Gustav Bahun synte til at det i andre deler av landet var infotavlar langs vegane med kart over området, og ba om at det vert sett på dette.	November	
19.08.15	John Torsvik etterlyste status for Masfjordbrua.	November	
09.09.15	Stein Inge Ryssdal spurte om det finst vurderingar av korleis hydrogen som energibærar vil påvirke risikobildet i vegtunnelar.	November	
09.09.15	Atle Kvåle ber om at Autopass skal takast med som ein del av anbudsgrunnlaget for fylkesvegsambanda. Han ber om sak om dette til SAMU.	November	
09.05.15	Alf Helge Greaker synte til erfaringar i Troms med	November	

	sykkelvarslar ved tunnelar, og ber om oversikt over kor dette kan vere aktuelt å prosjektere her i fylket		
09.09.15	Øyvind Hardeland tok opp problemstillingar rundt Furubergfossen bru. Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.	November	



**Notat**

Dato: 15.09.2015  
Arkivsak: 2014/14333-12  
Saksbehandlar: bjomidt

**Spørsmål om KVV Arna- Voss og samfunnsøkonomisk nytte av Hordfast E39**

I møte i samferdsutvalet 3.6.2015 stilte representanten Tom Skauge følgjande spørsmål:

*«Grunnlaget for Oslo Economics sin kvalitetssikring (KS1) av Arna-Voss KS1 – rapporten frå Oslo Economics meiner 0-alternativet - ingen utbygging tog/vei Arna-Voss gjev best samfunnsøkonomisk resultat. Som i alle slike berekningar er premissane viktige.*

- 1. Korleis er tap av tid, overbelasta omkjøringsveggar og frykt tatt inn i modellen?*
- 2. Er det rett at det ikkje er gjort berekning av endra konkurranseflate mellom gods på jernbane og gods på veg (Vedlegg s. 8)?*
- 3. Nedjusterte virkedagar frå 300 til 255 har negativ verknad for neddiskontert nytte for K5 (Vedlegg s. 10). Er denne endringa rimeleg når ein veit at tog mellom Bergen og Voss er mykje brukt i helgedagar og at det er stor trafikk til Flåmsbana i ferien?*
- 4. Rapporten syner at K4 med vekt på veg er best på reduksjon av alvorlege ulykker (s.15 i Vedlegg). Korleis kan dette vera rett når alternativet K5 gjer det langt meir attraktivt å ta tog enn bil mellom Voss og Bergen?*
- 5. Kva er resultatet for samfunnsøkonomisk nytte av Hordfast E39 med diskonteringsrente på 4 %?»*

Fylkesrådmannen lova å koma attende til utvalet med skriftleg svar.  
Statens vegvesen, som er prosjekteigar, har i brev frå 7.9.2015 svara på spørsmåla – sjå vedlegg.

Vedlegg

- 1 Spørsmål om KVV Arna -Voss og samfunnsøkonomisk nytte av Hordfast E39



## Statens vegvesen

Hordaland Fylkeskommune

1 0 SEPT 2015

Hordaland fylkeskommune  
Pb. 7900  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Kjell Kvåle - 57655849

Vår referanse:  
2011/137587-053

Dykkar referanse:  
2014/14333-10

Vår dato:  
07.09.2015

### Spørsmål om KVU Arna- Voss og om samfunnsøkonomisk nytte av Hordfast E39

Vi syner til brev av 21.08.2015 og har desse svara til dei fem punkta i brevet:

1. Modellen tek utgangspunkt i eit normaldøgn. Dei ulike konseptta vert samanlikna med førsituasjonen, dvs. noverande vegnett. Det er ikkje lagt inn forseinkingar som følgje av skred og stengingar på dagens vegnett, og nytten av sikringstiltak vert dermed undervurdert i modellen. Dette må vurderast på skjønnsmessig grunnlag. Dette gjeld også særlege kapasitetsproblem ved at omkøyringsvegen vert overbelasta. Frykt er heller ikkje inne i berekningane på nokon måte.
2. Modellen som er nytta tek for seg konkurranseforholdet for persontrafikken på veg og bane. Det stemmer at modellen ikkje tek opp endra konkurranseflate for gods mellom veg og bane.
3. Merklin-modellen tek for seg godstrafikk på bane, og verkar ikkje inn på personreiser. På denne bakgrunnen kan det vera rimeleg med eit visst frådrag i talet på virkedagar.
4. K5 har ein høgare standard både på veg og på bane, samanlikna med K4. Dermed får vi også høgare trafikktalet i K5, både på bane og på veg. K4 kjem godt ut for alvorlege ulukker ettersom alle dagstrekningar får midtrekkverk. K5 gå meir samanhengande i tunnel, og dei får midtfelt stadenfor midtrekkverk.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

5. E39 Hordfast er berekna med 4% kalkulasjonsrente i 2012. Resultatet her var netto nytte på 21,8 mrd.kr. Seinare har vi hatt ein viss auke i byggekostnad, men netto nytte er framleis positiv.

Med helsing



Tone Oppedal  
avdelingsdirektør

Kjell Kvåle



## Notat

Dato: 18.09.2015  
Arkivsak: 2015/2400-14  
Saksbehandlar: knudjuv

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Samarbeid med kommunar om kjøp av asfalttenester

I møtebok frå Samferdselsutvalet frå 19. august stilte representanten Øyvind Hardeland fylgjande spørsmål:

*Dei fleste kommunane i Hordaland har inngått anbudskontraktar for asfaltering av kommunale vegar. Kommunane er nok ikkje så store på innkjøp av desse tenestene. Med store avstandar, liten tonnasje og små vedlikehaldsbudsjett vert det difor heller ein dårlig pris kanskje dårlegare kvalitet.*

*Er det mogelegheiter for at kommunane kan gå i lag med Fylket for innkjøp av desse tenestene?*

### Kompetanse og kvalitet

Statens vegvesen er samd i at det kan vere krevjande for kommunane å gjere gode kjøp i asfaltmarknaden. Det har samanheng med storleik på kjøpa og i nokre tilfelle mangel på spesialistkompetanse. Asfalt vert levert i ulike kvalitetar for ulik bruk. Spesifikasjon av kva produkt ein skal ha, er halvvegs til eit godt kjøp. Dei mykje brukte vegane vert slitt ned, mens dei lite brukte vegane tørkar og forvitrar av elde.

For eigen del køyrer Statens vegvesen årleg gjennom alle felt i heile riksvegnettet og det fylkeskommunale vegnettet med ein målebil. Vegnettet er på nærare 4000 km. Målingane av spor og kor jamt det er, dannar grunnlag for vurderinga av kva strekningar det hastar mest å gjere noko med. Vidare vert programmet delt opp geografisk og tilpassa dei finansielle ressursane ein venteleg har tilgjengeleg, og lyst ut på nyåret. Etter kontraktstildeling tek dei fysiske arbeida i marken til ut på våren. Oppfølging og evaluering av entreprenørane leveransar er ein viktig del av jobben.

Statens vegvesen har dei siste åra – med unntak av 2015 - kjøpt dekkelegging for fylkesvegane for om lag 40 million kroner og 55-80 million kroner på riksvegane.

Statens vegvesen har rettleiingsmateriell for fri bruk for kommunane. Dette finn ein på følgjande lenker:

<http://www.vegvesen.no/Fag/Teknologi/Vegteknologi/Vegbyggingsmaterialer/Asfalt>



<http://www.vegvesen.no/Fag/Fokusomrader/Forskning+og+utvikling/Varige+veger>  
<http://www.vegvesen.no/Fag/Fokusomrader/Forskning+og+utvikling/Varige+veger/Nyhetsarkiv+Varige+veger/riktig-utf%C3%B8relse-av-asfaltdekker>

### **Marknadsmakt**

Det er nokre få store aktørar i asfaltmarknaden og mange små (som er avhengige av dei store for å kjøpe asfalt). For å få gode prisar, vil det vere ein stor fordel å kjøpe store volum. Dersom Statens vegvesen skulle ta på seg kjøp på vegner av kommunane, ville det krevje eit større apparat enn ein rår over i dag. Vi registrerer at 19 kommunar i Hardanger og på Haugalandet har slått seg saman og kjøper asfalt i fem delkontraktar over to år til 60 million kroner. Å delta i slike samarbeid kan vere vegen å gå for små kjøparar som ønskjer å auke marknadsmakta si.

### **Kva vegvesenet kan bidra med på kort sikt**

I tillegg til retteleingsmateriellet som er nemnt over, kan vegvesenet med dei ressursane ein har no, bistå Hordaland fylkeskommune med å arrangere asfaltseminar for kommunane med målsetting om å styrke kompetansen og å initiere alliansar som kan utvikle seg til samarbeid mellom kommunane.



## Notat

Dato: 18.09.2015  
Arkivsak: 2015/2400-15  
Saksbehandlar: knudjuv

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Informasjon til vegfarande ved stengte vegar og tunnelar

I møteboka frå Samferdselsutvalet 19. august heiter det:

***Gustav Bahus** tok opp problemstillinga rundt informasjon til dei vegfarande når vegar/tunnelar var stengde. Ba om informasjon om korleis dette vert tilrettelagt.*

Vegar og tunnelar vert stengde av ulike grunnar. Dersom stenginga skuldast planlagt vedlikehald, er det mogleg å førebu også informasjonsopplegget på ein god måte slik at budskapen når målgruppa tidsnok til at trafikantane kan gjere andre vegval. Trafikantane kan abonnere på SMS varsel for ei rekkje strekningar der det er anleggsarbeid, fjellovergangar etc.

Dersom stenginga kjem brått på som følgje av trafikkulukke, ras eller brann i tunnel, er det naturleg nok meir utfordrande å gje god nok og tidsnok informasjon til alle.

Vegtrafikkentralen (VTS) har døgnoppe heile året. Informasjon til trafikantane er ein av hovudoppgåvene for VTS. Når sentralen får melding om akutte hendingar som fører til stengt veg eller tunnel vert dette formidla til publikum. Alle slike stengingar vert handtert på same vis utan omsyn til kor alvorleg hendinga er eller kor lenge stenginga er venta å vare. Alle hendingar vert registrert i datasystemet vegloggen. Herifrå går meldinga til [vegvesen.no](http://vegvesen.no) og til dømes til NRK si teneste <http://trafikk.nrk.no/>. Vegmeldingar med høg prioritet går ut i eit system der dei bryter inn på radiosendingar. Vidare vert veginformasjonen automatisk spreidd til tekst TV og grupper som politi, brannvesen, drosjeverksemder, busselskap med vidare. Via vegloggen vert også dei andre vegtrafikkentralane i Noreg varsla. Trafikkoperatørane i VTS formidlar også veginformasjon fleire gonger dagleg til lokale og nasjonale media. Vegtrafikkentralen får telefonar frå publikum på tlf 175 og informerer om stoda på dei vegane folk spør om. Sentralen kan også informere trafikantar direkte i tunnelar/eller like utanfor ved «innsnakk» på bilradio. Trafikantane blir då varsla via skilt at dei skal lytte på radio og korrekt frekvens. Innsnakk vert nytta ved til dømes bilberging og ulukker. Vegtrafikkentralen har eit tett samarbeid om trafikkavvikling og trafikantinformasjon med operasjonssentralane til politiet. Ved stengingar som varer ei tid, sender vi ut pressemeldingar med oppdatering av situasjonen for den stengde vegen.

Dei seinare åra har Statens vegvesen etablert friteksttavler på viktige vegstrekningar. Tavlene er på plass i Bergen( Sandviken, Troidhaugtunnelen, Hopstunnelen, Løvestakktunnelen, Loddefjord nord, Indre Arna og Trengereid) på Dale, i Knarvik, på Halhjem, i Sandvikvåg, ved Hardangerbrua og på Voss.

Det er bestilt tilsvarande tavler til nokre fleire punkt. Vidare er det under arbeid ein investeringsplan for perioden 2015-2015 som i hovudsak gjeld riksvegnettet. Denne planen er send Vegdirektoratet som mogleg satsing i komande Nasjonal transportplanperiode (2018-2027). Statens vegvesen vurderer no trongen for tilsvarande plan for fylkesvegnettet.

I kontraktane med dei private driftsentreprenørar ligg bereskningsplanar for omkøyningar ved stengde vegar. Slike omkøyningar vert skilta. Det er 7 folieskrivarar i vegavdelingane for produksjon av tekst på skiltplater. Skiltvagnar for festing av slike skilt skal entreprenørane kjøpe. Ordninga er under etablering og ikkje i fullskala drift enno.

I tillegg til den fysiske skiltinga er det til ei kvart tid tilgjengelig trafikkmeldingar på vegvesen.no <http://www.vegvesen.no/Trafikkinformasjon/Reiseinformasjon/Trafikkmeldinger>

Det er også webkamera på ei rekkje utsette plassar der ein kan sjå korleis trafikken flyt no. Statens vegvesen er oppteke av å varsle godt nok og tidsnok for trafikantane på vegen og har eit løpande arbeid for å utvikle desse tenestene ut mot publikum etter kvart som ny teknologi gjer det mogleg.

PS 107/15 Ymse